



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2020	Bygdeutviklingsutvalet	PS	26.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Berset	FE-223, FE-033	20/638

### RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING

#### Vedlegg:

BU retningslinjer (002)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet godkjenner vedlagde «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Tilskotsordninga trer i kraft frå vedtaksdato.

#### Bygdeutviklingsutvalet - Sak 11/2020

#### BYG - Behandling:

Utvalet gjorde slike endringar i retningslinjene i møte:

- Fjerna punkt med spørsmål om tak på løyvinga
- Løyvingane som skjer to gongar i året, skal skje i mars og september
- Fjerna punkt om at tilskotsordninga ikkje skulle gjelde einskildarrangement.
- Fjerna parentes (gratis?) etter setninga: "*Midlane skal koma mange til gode, skape trivsel, aktivitet og vere ope og tilgjengeleg for alle.*"
- Siste punket Krav om budsjett og finansiering vart fjerna.

Det vart deretter røysta over retningslinjene, som vart samrøystes vedteke

#### BYG - Tilråding/Vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet godkjenner vedlagde «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Tilskotsordninga trer i kraft frå vedtaksdato.

#### Saksopplysningar:

I vedtak 96/2019 løyvde kommunestyret 500 000 til ny tilskotsordning som skal støtte opp om og bidra til utvikling i heile kommunen.

Bygdeutvikingsutvalet fekk tildelt avgjerdsmynde for søknader til tilskotsordninga og i oppdrag å utarbeide retningslinjer for bruk av midlane.

I utvalsmøte, sak 08/2020 utarbeidde bygdeutviklingsutvalet eit utkast til retningslinjer. Med utgangspunkt i utvalet sitt utkast til retningslinjer, legg rådmannen fram forslag til «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling».